

Protokoll frå ordinært årsmøte 2022 for Bruland Sameige.

Møtedato : 20.6.2023 kl. 18.00

Møtestad : Førde Gjestehus & Camping as, 6800 Førde

Sak 1/2023 Konstituering.

Registrering av frammøtte og fullmakter:

Seksjon 2 var representert med fullmakt til Frank Bruland

Seksjon 7 var representert med fullmakt til Steffen Aamot

Seksjon 14 var representert med fullmakt til Daniel Hjelmeland

Seksjon 23 var representert med fullmakt til Aleksander Bruland

Seksjonsnummer	Sameigebrøk	Merknad
1	10,8 %	Frank Bruland
2	39,8 %	Frank Bruland/fullmakt
3	0,4 %	Frank Bruland
6	2,4 %	Steffen Aamot
7	2,4 %	Steffen Aamot/fullmakt
8	2,4 %	Silje Kjelsnes
11	3,6 %	Tamara Impric
13	3,6 %	Daniel Hjelmeland
14	3,6 %	Daniel Hjelmeland/fullmakt
17	2,0 %	Margunn Rygg
20	1,1 %	Aleksander Bruland
23	1,1 %	Aleksander Bruland/fullmakt
24	2,0 %	Frank Bruland

Totalt var 13 seksjonar representert på årsmøtet. Dette utgjør 75,2 % av stemmene i sameiget.

Fullmakter følgjer som vedlegg.

Val av møteiar.

Gitle Sande blei valt som møteiar.

D. H. 

Val av referent.

Gitle Sande blei valt til referent.

Val av ordstyrar.

Årsmøte ønskte ikkje at det skulle utnemnast ein ordstyrar fordi ein mente møtet var med avgrensa tal personar og rimeleg oversiktleg. Møteleiar blir då også ordstyrar.

Val av ein til å signere møteprotokoll saman med møteleiar.

Daniel Hjelmeland blei valt til å signere protokoll.

Godkjenning av innkalling.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Godkjenning av sakliste.

Saklista blei godkjent slik den var presentert.

Sak 2/2023 Årsberetning, Rekneskap for 2022 og revisjonsmelding.

Årsberetning blei gjennomgått. Det kom ingen merknader.

Ved gjennomgang av resultatrekneskap blei det stilt spørsmål om Næringsseksjonane har deltatt i fordeling av kostnader for det vedlikehaldsarbeid som er utført på fasaden mot aust. Møteleiar informerte om at desse kostnadane var fordelt på bustadseksjonane med bakgrunn i vedtekter og at næring har ansvar for fasade på gateplan.

Dette var det usemje om og diskusjonen enda med at det skal rettast ein førespurnad til advokat i Huseierne.

Følgjande notat blei utforma:

Årsmøtet har merknader på rekneskap når det gjeld kostnader med rehabilitering av fasade som blei gjennomført i 2022.

Årsmøtet meiner at det er feil tolking av vedtekter og lov når næring ikkje blir belasta for ytre vedlikehald slik som gjennomført i 2022 av felles fasade. Styret må i etterkant av årsmøtet undersøke denne tolkinga ved advokat hos Huseierne og legge fram svar frå advokat i eit ekstraordinært årsmøte.

Ein ber elles om ei samla vurdering av nytteprinsippet, § 5-1 fellesutgifter i vedtekter.

NB! Næring har felles teknisk rom/brannvarslingssystem med bustadseksjonane i 2. etasje der dei også har tilgang til heis.

Med den merknad til rekneskap for 2022 kan årsmøte godkjenne årsmelding, rekneskap og revisjonsmelding.

Merknaden ovanfor er framsett av:

D. H. 

Steffen Aamot

Daniel Hjelmeland

Margunn Rygg

Tamara Impric

Ole Jonny Øen

Eivind Standnes

Silje Kjelsnes

Desse er ikkje med å framsette forslaget.

Frank Bruland

Aleksander Bruland

Arild Bruland

Vedtak: Årsberetning, rekneskap og revisjonsmelding blei godkjent med ovanfor merknad.

Sak 3/2022 Budsjett for 2023.

Vedtak: Budsjettet blei tatt til vitande.

Sak 4/23 Oppgradering av brannvarslingsystem.

Årsmøtet var klare på at det no var viktigare å ta tak i ytre vedlikehald framfor å oppgradere brannvarslingsystemet i samsvar styret sitt forslag. Dette forutsett at det ikkje låg noko lovmessig krav til oppgradering.

Styret sitt forslag blei nedstemt.

Desse stemte i mot styret sitt forslag:


Steffen Aamot

Daniel Hjelmeland

Margunn Rygg

Tamara Impric

Ole Jonny Øen

D. H. 

Eivind Standnes

Silje Kjelsnes

Desse stemte for styret sitt forslag.

Frank Bruland

Aleksander Bruland

Arild Bruland

Det var ikkje naturleg at Bunnpris stemte i denne saka.

Sak 5/23 Utvendig vedlikehald.

Med referanse til sak 2/23 blei det ikkje stemt over styret sitt forslag til vedtak.

Årsmøtet er opptatt av vedlikehald og estetikk og det blei derfor sett fram eit forslag om å utnemne ei gruppe som skal sjå på estetiske forhold, i første omgang i atrium på 3. etasje.

Gruppa skal legge fram ein plan for vedlikehald i atrium og fargeval på veggjar og dør/vindauge. Plan skal vere ferdig seinast 1. september og skal presenterast for styret i sameiget.

Gruppa omfattar følgjande seksjonseigarar;

Daniel Hjelmeland, Steffen Aamot, Tamara Impric, Silje Kjelsnes og Margunn Rygg.

Under denne diskusjonen blei det gjeve følgjande råd til styret og som styret kan vurdere:

- Seksjonseigarar i 3. etasje som har sett opp «rekkverk» mot fellesareal må påleggast å enten fjerne dette eller rehabilitere. Ved rehabilitering må ein vente på estetikk-gruppa sin plan mhp. fargeval. Rekkverk skal ha lik utforming for alle seksjonane.
- Om disponering av fellesareal, dvs. i dette tilfelle å bruke deler av fellesområde utanfor garasjen til parkering krev at det skjer ihht. eigarseksjonslova.
- Styret bør ta opp med Bunnpris om flytting av postboksar til andre sida av butikk-inngang.

Sak 6/2023 Sak innsendt frå Frank Bruland Eigedom AS.

Saka gjeld bruk av fellesareal utanfor garasje til parkeringsareal. Arealet har delvis vore brukt til parkering fram til no, men tilfeldig kven som har brukt det. Ei opparbeiding med tilknytt kostnader må resultere i at sameiget kan leige ut plassane til avtalt pris og at plassane blir merka.

Årsmøte vedtok styret sitt forslag:

Årsmøtet godkjenner styret si vurdering og vedtak om å legge kostnader for opparbeiding av parkeringsplassen til 2024-budsjettet.

D. G. 86

Sak 7/2023 Val av styre og revisor/Dugnadsarbeid/Godtgjersle.

Det blei først gjennomført val av styreleiar.

Det var ingen motkandidat til Gitle Sande og han blei valt.

Deretter blei det val på styremedlem Reidar Sandøy. Her blei Daniel Hjelmeland føreslått som motkandidat. Daniel Hjelmeland fekk 20 % av stemmene og Reidar Sandøy fekk 55,2 % av stemmene. Reidar Sandøy blei valt.

Silje Kjelsnes hadde takka nei til attval og i hennar plass blei Daniel Hjelmeland føreslått utan motkandidat. Daniel Hjelmeland blei dermed valt.

Varamedlem Aleksander Bruland blei attvalt utan motkandidat.

For varamedlem Tomas Andal blei Steffen Aamot føreslått som motkandidat. Steffen Aamot fekk 20 % av stemmene og Tomas Andal 55,2 % av stemmene. Tomas Andal ble dermed attvalt.

Styret for Brualnd Sameige ser dermed slik ut for det neste driftsåret:

Gitle Sande	- Styreleiar
Reidar Sandøy	- Styremedlem
Daniel Hjelmeland	- Styremedlem
Aleksander Bruland	- Varamedlem
Tomas Andal	- Varamedlem

Honorar til styret.

Årsmøtet godkjende honorar til styreleiar slik føreslått, kr 2.000 pr. mnd og kr 350,- pr arbeid time.

Honorar til styremedlemer, kr 750 pr. møte ved deltaking blei einstemmig godkjent.

Varamedlemer blir godtgjort som styremedlemer når dei møter i styret.

Honorar for dugnadsarbeid er kr 200,- pr time. Sthen Figenschau beli sterkt oppmoda til å halde fram med sitt gode arbeid.

Val av revisor.

BDO blei attvalt.

Førde 26. 1. 2023 - 23

D. H

GA

Daniel Hjelmeland

Daniel Hjelmeland

26/6-23

Gitle Sande

Gitle Sande

Vedlegg: Fullmakter.

Fullmakt til Årsmøte i sameige Bruland

1 e-post

Reidar Sandøy <reidar.sandoy@bunnpris.no>

20. juni 2023 kl. 16:38

Til: "Frank Bruland (frank.bruland@gmail.com)" <frank.bruland@gmail.com>, Gitle Sande <gitle.sande@mentor.no>

Kopi: Reidar Sandøy <reidar.sandoy@bunnpris.no>

Jeg gir med dette Frank Bruland fullmakt til å representere Butikkeiendom Møre as på årets årsmøte

Med vennlig hilsen

Reidar Sandøy

Arbeidende Styreformann

BUNNPRIS**Regionskontor**Bunnpris Møre AS, [Fannestrandvegen 125](#), 6405 Molde

Mob: +47 91 34 63 85


E-post: reidar.sandoy@bunnpris.no

www.bunnpris.no , mobil.bunnpris.no , facebook.com/bunnpris.no

Sic herved fullmakt
til Daniel Hjelmblad.

Førde, 20. 6. 23

Eivind ~~S~~



FULLMAKT

Jeg Ole Jonny Øen eier av seksjon nr 7
har ikke mulighet til å møte på årsmøte.

Jeg gir derfor min fullmakt til:

Navn: Steffen Aamot

Sted Førde Dato 20.06.23

Underskrift seksjonseier/fullmaktsgiver: Ole Jonny Øen

Gitle Sande

Fra: Arild Bruland <arild.bruland93@gmail.com>
Sendt: 11. juni 2023 21:27
Til: gitle.sande@mentor.no
Emne: Fullmakt

Hei,

Eg, Arild Bruland gir med dette fullmakt til Aleksander Bruland til å representere meg, seksjon nr 23, på årsmøte for Bruland Sameige 20.06.2023.

Mvh
Arild Bruland